



Referat frå årsmøtet i Olav Sletto-selskapet laurdag 16. juni 2012.

Olav Sletto-selskapet hadde årsmøte på Vika velferdssenter i Hol laurdag 16. juni 2012.

16 medlemer hadde møtt fram.

Årsmøtet hadde føre følgjande saker:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

2. Årsmelding 2011/2012.

Årsmeldinga for 2011/2012, undertekna av styret, vart referert og samrøystes godkjent.

3. Rekneskap 2011/2012.

Rekneskapen for 2011/2012 var revidert og godkjent av dei valde revisorane.
Rekneskapen vart gjennomgått og samrøystes godkjent av årsmøtet.

4. Val.

Leiaren i valnemnda kunne ikkje vera til stades på årsmøtet, og Arne Skogheim refererte valnemnda si innstilling og styrde valet.

Kåre Olav Solhjell og Elisabeth Aaker vart valde som styremedlemer for perioden 2012-2014.

Eli Sælid og Odd Oleivsgard vart valde som varamedlemer til styret for perioden 2012-2014.

Rangdi Skorve og Borgny Thorsrud vart attvalde som revisorar for 2012-2013.

Knut Medhus vart attvald som leiar i valnemnda. Ny medlem av valnemnda Turid Birgit Lien.

Eva Almhjell vart vald til styreleiar for 2012/2013.

Britt-Mari Sletto vart attvald som nestleiar for same periode.

Styret innstiller på at Britt-Mari Sletto i tillegg til nestleiarvervet blir vald til økonomiansvarleg med disposisjonsrett over selskapet sine to nettbankkonti.

Årsmøtet slutta seg samrøystes til dette.

Etter valet tok årsmøtet ei kaffepause med loddsal.

Etter trekkinga fekk **Knut V. Seim** ordet og overleverte som gåve til Sletto-samlinga på Holet bibliotek heile bokverket Norsk Ordbok. Han fekk årsmøtet sin hjartelege takk for den flotte bokgåva.

Arne Skogheim, avtroppande leiar etter 11 år, gav så eit lite attersyn over arbeidet i Olav Sletto-selskapet frå starten i 2001 og til i dag. Då han takka for seg og overleverte arkivet til den nyvalde leiaren, melde han og at han hadde gjeve ei komplett samling av Olav Sletto sine bøker til selskapet. Bøkene skal oppbevarast i Hol bygdearkiv og er ikkje til vanleg utlån.

Årsheftet 2012 vart så delt ut til dei frammøtte medlemene. Heftet innheld dette året nytrykk av Sletto si bok frå 1931, "Glør", med eit føreord av Arild Mikkelsen. Stoff i samband med jubileumsmarkeringa i 2011 er og med i årsheftet, både kronikken til Britt-Mari Sletto og helsingane frå Anne K. Sletto, Osvald Medhus og Arild Mikkelsen. Arne Skogheim sitt attersyn over arbeidet i selskapet er og teke inn i årsheftet.

Den nyvalde leiaren i selskapet, Eva Almhjell, orienterte så til slutt om arbeidet med "Per-prosjektet", og fortalde om det som var gjort til no og om framdrifta i prosjektet. Styret fekk årsmøtet si tilslutting til dei vidare planane. Det vil fortløpande bli gjeve orientering om arbeidet med prosjektet på selskapet sine nettsider, www.olavslettoselskapet.no

Eva Almhjell takka for tilliten som nyvald leiar og retta ein takk til avtroppande styreleiar med gode ord, ein fin bukett med fjellets vekster og ei bokgåve frå styret.

Møtet slutt kl.15.30.

Arne Skogheim (s) Eva Almhjell (s)